

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

**Dato** 11.08.2023  
**Vår referanse** 2023/68990-2  
**Dykkar referanse** 23/5208  
**Sakshandsamar** Mathias Vallestad  
**E-post** Mathias.Vallestad@vlfk.no  
**Telefon**

Att.Hanne Marie Evensen

## **Uttale - dispensasjon kommuneplan - gnr. 195 bnr. 34 Leiknes - fv 5452 - Alver kommune**

Vi viser til oversending med høyring av søknad om dispensasjon motteke 19.07.2023

### **Saka gjeld**

Oppføring av bustad og to naust. Det er søkt om dispensasjon fra arealføremål fritidsbustad og plankrav i KDP føresegn 2.2 på gnr. 195 bnr. 34 i Alver kommune.

### **Uttale**

Vestland fylkeskommune, ved avdeling for infrastruktur og veg, skal som vegeigar forvalte, drifte, vedlikehalde og sikre trafiksikkerheit langs fylkesvegane. Vi er skeptisk til at det vert gjeven dispensasjon før tilkomst frå fylkesveg er avklart.

Tiltaket er avhengig av løyve til utvida/endra bruk av avkjørsle mot fylkesveg 5452, Leknesvegen. Fylkesveg 5452 har haldningsklasse 3 og er klassifisert som ein viktig lokalveg jf. Rammeplan 2021-2024: Haldningsklassar for avkjørsler og dispensasjoner frå byggegrenser. Rammeplanen seie at:

- Talet på direkte avkjørsler til vegane skal vere avgrensa.
- Nye bustadavkjørsler bør avgrensast. Val av plassering av avkjørsler må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga.
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkjørsler til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstilt.

Fylkesveg 5452 har 1000 i årsdøgntrafikk (ÅDT) og ei fartsgrense på 40 km/t. Avkjørsla som tiltakshavar legge til grunn for tilkomst er utflytande og utforma slik at køyretøy kan køyre inn og ut av fylkesvegen i høg fart. Utforminga gjer at ein kører skrått ut av avkjørsla, noko som gjer redusert sikt.

Dei tekniske krava for avkjørsla er fire - 4 - meter svingradius, mellom 5,5 - 6 meter breidde i avkjørsla, og stoppsikt 45 meter mot kvar retning frå fire - 4 - meter inn i avkjørsla jf. Statens vegvesen si handbok N100.



Bilete av avkjørsla

For at avkjørsla skal godkjennast må utforminga til avkjørsla strammast opp, slik at ein kjem vinkelrett på avkjørsla. Ein slik utforming skaper eit meir føreseieleg køyremønster, og vil vere med på å skape eit meir trafikksikkert forhold. Dei øvrig tekniske krava må også vere innfridd. Dersom avkjørsla vert utbetra så kan det pårekna å få løyve til utvida bruk. Søknad om dette må sendast oss via skjemaløysinga som ein finn her: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/avkoyselsloyve/>

Dersom tiltaket er mindre enn 50 meter frå fylkesveg 5452, vil det også vere naudsynt med dispensasjon frå byggjegrensa jf. §29 veglova. I dispensasjonssaker vil vi ta stilling til tiltaket med omsyn til [«Rammeplan 2021-2024» for haldningsklasse 3](#). Søknadsskjema for dette finn ein her: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/bygge-langs-veg/>

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
Fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Mathias Vallestad**  
Spesialkonsulent  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*